

Bergen kommune
Postboks 7700
5020 BERGENDato: 20.05.2016
Vår ref.: 2014/18441-15
Saksbehandlar: inggase
Dykkar ref.:

Kulturminnefagleg fråsegn til byggesak – gnr 154 – bnr 985 – Willy Valentinsensvei 34 - Bergen kommune

Vi viser til brev datert 22.04.2016 med sak til fråsegn. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektormyndede for kulturminnevern.

Kulturminne og kulturmiljø er ein ikkje-fornybar ressurs som skal vernast i ein heilskapleg miljø- og ressursforvaltning. Både som vitskapleg kjeldemateriale og synlege element i omgjevnadane, skal desse ressursane gje varig grunnlag for nålevande og framtidige generasjonar sin kunnskap om kulturarv, sjølvforståing og identitet. Knytt til lokal samfunnsutvikling er kulturminne og kulturmiljø kjelde til trivsel, oppleving og verdiskaping.

Kva saka gjeld

Saka gjeld søknad om løyve til riving av den tidlegare offisersmessa frå andre verdskrig på eigedom gnr. 154, brn. 985, Willy Valentinsensvei 34 i Bergen kommune.

Eigedommen er regulert til offentleg føremål, skule i gjeldande plan, plan id: 40390000 (vedtatt 23.01.69). I kommuneplanens arealdel er eigedommen vist som *bebyggelse og anlegg*.

Det føreligg ingen tilstandsvurdering av bygningen eller faglege vurderingar om kvifor bygningen må rivast.

Byantikvaren har laga kulturminnedokumentasjon for å avdekke kulturminneverdiar knytt til eigedommen. Dei rår i frå riving, då bygningen har stor kulturhistorisk verdi som del av kulturmiljøet på Melkeplassen frå 2. verdenskrig, som har høg bevaringsverdi, jf. byggesaksforskriften § 19.

Kulturminnefagleg vurdering

Melkeplassen sin kulturhistoriske verdi er i stor grad knytt til tyskarleiren «U-Stützpunkt Lager Prien» bygd for tyske ubåtmannskaper i Bergen og Laksevåg under 2. verdskrig. Leiren som hadde kapasitet til å huse 1500 menn, var svært moderne, avansert, og hadde god standard. Leiren skal ha vore av sær god standard, i tillegg til mannskapsbrakker hadde leiren gymnastikksal, sjukestove med tannlege, telefonsentral med meir. I dag står det 13 brakker og ein garasje igjen av det som ein gong var 40 bygg. Bygningen har blitt fleire gonger blitt eindra både i fasade og interiør, og har difor ikkje høg grad av autentisitet. Bygningen har difor redusert verneverdi som enkeltobjekt. Hovudform og delar av interiøret bevart, og topologisk har bygningen verdi som eksempel på okkupasjonsmakta sin byggeverksemd (jf. Byantikvaren sin kulturminnedokumentasjon). Etter krigen vart bygningen brukt som skulebygg.

Bygningen har regional kulturminneverdi, då den som del av kulturmiljøet på Melkeplassen, er ein viktig del av den regionale krigshistoria vår. Bevaring av dette området er i tråd med Riksantikvaren si satsing på

krigens kulturminner, som har som mål å gje nåverande og kommande generasjonar kunnskap om viktige hendingar i norsk og europeisk historie.

Hordaland fylkeskommune meiner at det omsøkte tiltaket ikkje sikrar vern av verdifult kulturmiljø jf. pbl 3-1, b. Vi rår difor til at ein søker å finne ein ny bruk som er i samsvar med bygningen sin kulturhistoriske verdi, jf. pbl § 31-1. Vi ber om at kommunen stille krav om dokumentasjon av bygningen sin tilstand og istandsetting, jf. byggesaksforskriften § 19-1 og § 19-2.

Konklusjon

Hordaland fylkeskommune rår i frå riving av den verneverdige offisersmessa på Melkeplassen, gnr. 154, bnr. 985 i Bergen kommune, då den har regional kulturminneinteresse. Vi bed om å få sendt over vedtaket i saka for eventuell vurdering av klage, jf. Miljøverndepartementets rettleiar Kommuneplanens arealdel, T 1382.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Inger Lena Gåsemyr
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
FYLKESMANNEN I HORDALAND